



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/3203 - 22/92851

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 195/67 Leiknes

Tiltak: naust
Byggjestad: Gbnr: 195/67
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er vist kai, trapp, badetrapp på situasjonskart som krev dispensasjon frå både planføremål bruk og vern i sjøen med tilhøyrande strandsona og frå byggjegrænse mot sjøen i reguleringsplanen. Søknad om dispensasjon må sendast inn.
2. Det må visast opphavleg terrengnivå med påvist kote på snitt-teikningar.
3. Søknad som er sendt er søknad utan ansvarsrett. Naust kunne søkjast av tiltakshavar utan ansvarsrett som mindre tiltak på bygd eigedommen. Men søknad om kai, planering og mur som er vist på situasjonsplanen utløysar krav om ansvarleg føretak med ansvarsrettar. Det kan evt. søkjast om sjølvbyggjar ansvar i saka. Elles kan du splitte søknad om naust frå søknad om kai med resten.
4. Det manglar teikningar for mur med dimensjonar som viser terrengsnitt, bredde, lengde, høgd.
5. Høgd på tiltaket og planering må visast på snitt- og tverr-profilar i forhold til naust/hytte på naboiegdommen.
6. Det må opplysast om bygd areal på trekai og betongkai.
7. Vi trenger estetisk vurdering av tiltaka og avklarast materialbruk for naust og portane frå 3 sider.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.01.23. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS
x

KNARVIK

5914 ISDALSTØ